



Retningsline val av verneombod.

Heimel/forankring: Forskrift om organisering, leiing og medverknad, kap. 3.

Kva?	Korleis?
<p><i>Inndeling i verneområde.</i></p> <p>Modalen:</p>	<p><i>AMU deler inn arbeidsplassen i verneområde.</i></p> <p>Følgande inndelingar pr. sept. 2019:</p> <ul style="list-style-type: none">- Administrasjonsbygg, helsebygg og Bryggjeslottet- Mo skule og Modalen barnehage.- Modalstunet.- Teknisk etat – uteseksjon og reinhaldstenesta.
<p><i>Administrering av val av verneombod (VO)</i></p> <p>Valstyre i Modalen</p>	<p><i>Val av VO vert leia av eit valstyre (1 – 3 personar). Valstyret vert peika ut av AMU.</i></p> <p>AMU peika i møte 16.09.19 ut ass. rådmann Ove Sæbø til å vere valstyret i Modalen kommune. AMU kan gjere endringar på dette.</p>
<p><i>Kandidatar til VO</i></p>	<p><i>Alle har rett til å føreslå kandidatar til VO. Alle utanom rådmannen har stemmerett.</i></p> <p><i>På verneområde kor ein lokal fagforeining aleine organiserer fleirtalet av arbeidstakarane, kan fagforeininga peike ut VO. På verneområde kor fleire fagforeiningar til saman organiserer fleirtalet av arbeidstakarane, men kor ingen av dei organiserer fleirtalet aleine, kan dei i felleskap peike ut VO. Fagforeininga(r) må dokumentere at dei har fleirtal før dei får høve til å peike ut VO.</i></p> <p><i>Valstyret skal gjere aktuelle kandidatar sitt namn kjent før valet.</i></p> <p><i>Arbeidstilsynet anbefaler at arbeidsleiarar og tillitsvald ikkje vert valgt til verneombod grunna at det lett kan oppstå konflikt. Modalen kommune følg denne anbefalinga.</i></p>



MODALEN KOMMUNE
Rådmannen

<p>Prosess i Modalen.</p>	<p><i>Det er ønskeleg at den/dei som skal kunne veljast til verneombod i utgangspunktet skal ha eit tilsettingsforhold til Modalen kommune på min. 50 % fast stilling</i></p> <p>Valstyret sender ut informasjon (m.a. denne retningslina) om prosessen til alle verneområda. Leiar(ar) for einingane mottok informasjon og bringer denne vidare til alle tilsette innanfor aktuelt verneområde.</p> <ol style="list-style-type: none">1. Oppmoding om å utnemne kandidatar, evt. fagforeiningar sin rett til å peike ut VO. Purring dersom ingen melder tilbake. Melde tilbake til valstyret namn på kandidatar. Verneombod vert valgt for 2 år om gangen.2. Valstyret syt for at namna på aktuelle kandidatar vert gjort kjent for alle arbeidstakarar innanfor verneområdet.3. Dersom fleire (meir enn 1) kandidatar vert det gjennomført val på arbeidsplassen. Alle arbeidstakarar som har stemmerett vert registrert, men kven dei vel vert ikkje registrert. Sitjande VO administrerer valet saman med valstyret.4. Ved stemmelikskap vert valet avgjort ved loddtrekning.5. Valstyret sender ut meding til alle tilsette om resultatet av valet. Dette vert gjort på intranettet + oppslag på arbeidsplassane innanfor verneområdet.
<p><i>Val av VO</i></p>	<p><i>VO vert valgt ved fleirtal.</i></p> <p><i>Dersom arbeidstakarane motset seg å velje VO, vert dette peika ut av arbeidsgjevar. Dette VO fungerer inntil arbeidstakarane har valgt nytt, evt. Inntil 2 år om gongen.</i></p>
<p><i>Hovudverneombod (HVO)</i></p>	<p><i>Ved verksemd kor ein fagforeining organiserer fleirtalet av arbeidstakarane kan denne peike ut HVO.</i></p>



MODALEN KOMMUNE
Rådmannen

Modalen	<p><i>Dersom vilkåret over ikkje er til stades er det verneomboda som vel HVO. Ved stemmelikskap er det loddtrekning som avgjer.</i></p> <p>HVO vert valgt av og blant verneomboda dersom ikkje anna er gjeve melding om, jfr. vilkår over.</p>
---------	---

- *Drøfta med verneomboda 13.11.19*
- *Drøfta med HTV 14.10.19*
- *Drøfta i leiargruppa 05.11.19*